

Årsmelding 2020 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 21. juni 2021 på Rådhuset i Rosendal.

Styret denne perioden har vore:

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI
Hilde Enstad (styremedlem), Il Trio
Christin Sund (styremedlem), Il Trio
Gro Rusten Saghaug (styremedlem), Il Ternen
Kim Røssland (styremedlem), Strand Ulv

Vararepresentantar

Einar Oppedal, og
Lars Emil Berge.

Revisorar

Willy Kalsås
Knut J. Helvik.

Styret har hatt tre møter i perioden. Drifta vert finansiert med kontingent frå medlemslaga.

Samarbeid med idrettslaga

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemmane.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradmeisterskap i idrett. Det var i perioden utdelt omtrent 100 medaljar (som er nedgang frå tidlegare år pga. færre meisterskap under korona-pandemien). Medaljane er gratis for idrettslaga. Ein opplever at idrettslaga synes det er ei fin og ryddig ordning.

Lokalidretten og kommunen

Idrettsrådet ved leiar har gjennomført regelmessige møter med idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad.

Rådet har ansvar for utdeling av breiddeidrettsstipend for Kvinnherad. I 2020 var det ingen tildeling av stipend. Rådet satsar på at det blir gode søknadar og tildeling i 2021.

I perioden før pandemien og stenginga den 12. mars, har Idrettsrådet vore berre på eit klubbbesøk hos Il Trio. På klubbbesøk kjem rådet i direkte dialog med styre i dei forskjellige klubbane, ein får synfaring på anlegga, samt forsterkar ein dialog og samspel mellom idrettslag og kommune. Styret har ein intensjon om å halde møter ute hos lokallaga også i framtida.

Styret i idrettsrådet har vore representert i prosjektgruppa for Kvinnherad Arena med leiar Richard Erlandsen. Ved utgangen av 2020 var tilkomstvegen ferdigstilt og kontrakten for bygging av hallen var tildelt Leigland Bygg.

Organisasjonsledd i NIF

Idrettsrådet har i 2020 fordelt kr 989.942,- av lokale aktivitetsmidlar til medlemene. Dette er spelemidlar øyremerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6 – 19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet. Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp iht. angitt skala. Breiddestipend var ikkje tildelt. Dei resterande midlane vart fordelt med vektal 2 for ungdom (13-19 år) og vektal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin. På grunn av korona NIF utbetalte 80 prosent av midlane før sommaren og resterande beløp som vanleg på hausten.

Richard Erlandsen representerte Kvinnherad Idrettsråd på Idrettsrådskonferansen i mars 2020, arrangert av Vestland idrettskrins. Det var svært nyttig konferanse med aktuell innhald knyta til utforming og planlegging av idrettsanlegg med bakgrunn i dansk modell med fokus på sosiale møteplassar for alle grupper i samfunnet: organiserte, uorganiserte, streetkultur, skule og kommunale tenester i fellesskap.

Samfunnsoppdrag

Idrettsrådet har oppmoda medlemslaga til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

På grunn av pandemien var det lite samlingsaktivitet på dette feltet. Når det er sagt, så er ordninga med ressurskontaktar i vanleg drift og det er planlagt ein oppfølging i løpet av 2021, avhengig av situasjon med covid-19.

Covid-19 pandemi

12. mars 2020 stengte Norge ned, noko som gjekk sterk utover idretten nasjonalt og lokalt. I kommunen vår medførte dette at alle idrettsanlegg vore stengt og tilhøyrande aktivitetar var avlyst. I denne perioden var idrettsrådet i tett dialog med idrettslag, med idrettskonsulent og med kommunelegen.

Etter kvart opna ein opp samfunnet igjen og enkelte idrettar kunne starte med trening og kamp, så framti smittvernreglement var følgt opp. KIR har jobba med å lage oversikt over konsekvensar av covid-19 stenginga, både for økonomi og fråfall i alle idrettslagane i kommunen, samt hold dialog med idrettslagane for å støtte dei i dei daglege aktivitetar.

Det viser seg at konsekvensane av covid-19 har slått forskjellig ut for medlemstala i idrettslaga i kommunen. Nokon har hatt større fråfall som elles forventa, mens andre, til dømes Il Trio og Halsnøy Il, igjen har hatt auke i talet medlemmar. Idrettsrådets klar oppfatning er at det jobbast veldig godt for å demme opp for negative konsekvensar i idrettslaga i Kvinnherad.

Takka vere både nasjonale og lokale støtteordninga har dei økonomiske konsekvensane blitt lang mindre enn frykta.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 21. juni 2021

Richard Erlandsen
styreleiar

Anna Prestnes
nestleiar

Gunnar Våge

Hilde Enstad

Kim Røssland

Gro Rusten Saghaug

Christin Sund